

SANDE KOMMUNE

Konkurransesgrunnlag Del I

Anbodskonkurranse med forhandlingar

Vintervedlikehold

**Kunngjort i DOFFIN-basen
Kunngjering - xxxxxxxx**

INNHALD

Del I Vilkår for konkurransen	3
1 Informasjon om anskaffinga	3
1.1 Presentasjon av oppdragsgivar	3
1.2 Regler og prosedyre for konkurransen	3
1.3 Anskaffingas formål	3
1.4 Avtaleperiode.....	3
1.5 Avtalevilkår	3
1.6 Planlagt framdrift.....	3
1.7 Spørsmål til konkurransegrunnlaget	4
1.8 Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget	4
1.9 Krav til leverandøren – kvalifikasjonskrav	4
1.9.1 Obligatoriske og ufråvikelege krav	4
1.9.2 Skatteattestar	4
1.9.3 HMS-eigenerklæring	5
2 Krav til tilbudet	5
2.1 Tilbudets utforming og levering	5
2.2 Tilbudsfrist.....	5
2.3 Varighet	5
2.4 Innleveringsstad.....	5
2.5 Prisar og fakturering	5
2.6 Avvik og atterhald	6
2.7 Alternative tilbud	6
2.8 Tilbud på delar av oppdraget	6
2.9 Endre og tilbakekalle tilbud.....	6
2.10 Komplette tilbud – tilbudets innhald og disposisjon	6
3 Oppdragsgivars behandling av tilboda	6
3.1 Registrering av tilbud	6
3.2 Tilbudsopning	7
3.3 Avvising av leverandører.....	7
3.4 Avvising av tilbud	7
3.5 Forhandlingar.....	7
4 Avgjerd av konkurransen.....	7
4.1 Tildelingskriterier	7
4.2 Innstilling på kontraktstildeling	8
4.3 Avlysing av konkurransen og total forkasting.....	8
4.4 Opplysningsplikt.....	8

Del I Vilkår for konkurransen

1 Informasjon om anskaffinga

1.1 Presentasjon av oppdragsgivar

Sande kommune, heretter kalla oppdragsgivar, innbyr til open anbodskonkurranse for vinterdrift av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, parkeringsplassar og areal knytt til kommunale bygg i Sande kommune.

Sande kommune ligg i Møre og Romsdal fylke og har ca. 2 600 innbyggjarar og ca.55 km med kommunal veg.

For meir informasjon om Sande kommune, sjå www.sande-mr.kommune.no

1.2 Regler og prosedyre for konkurransen

Innkjøpet er omfatta av "Lov om offentlige anskaffelser" 17. juni 2016 (LOA) og "Foreskrift om offentlige anskaffelser" (FOA) av 12. august 2016. Tilbodskonkurranse med forhandlingar. Det vil bli gjennomført eit trinns forhandlingar, men tilbydar blir oppfordra til å kome med sine mest konkurransedyktige vilkår når han leverer tilbod. Byggherre vil innkalle tilbydarar til forhandlingar basert på innkomne tilbod.

Konkurransegrunnlaget består av to deler:

Del I: Vilkår for konkurransen (dette dokumentet) med eitt vedlegg

Del II: Avtale og vedlegg til avtale

1.3 Anskaffingas formål

Anskaffinga gjeld vintervedlikehold av 7 definerte områder (roder) i Sande kommune. Oppdraget omfattar i hovudsak snøbrøyting og strøing.

Tildeling av oppdrag vil bli gjort pr. den enkelte rode.

1.4 Avtaleperiode

Avtaleperioden skal være i tre år med anledning for oppdragsgivar å forlenge avtalen i ytterlegare 1+1 år. Avtalen kan ikkje seiast opp av leverandøren ıla avtaleperioden. Oppdragsgivar har rett til seie opp avtalen dersom leverandøren har brote eitt eller fleire avtalevilkåra.

1.5 Avtalevilkår

Anskaffinga skal reguleras av vedlagte forslag til avtalevilkår med vedlegg, jf. konkurransegrunnlagets Del II, avtalevilkår og vedlegg.

1.6 Planlagt framdrift

Det er lagt opp til følgjande tidsrammer for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt inngåas. Med unntak av tilbodsfristen er datoane nedanfor foreløpige og kan bli endra.

Planlagde milepæl	Fristar
Tilbudsfrist	25.05.2020 kl. 1200
Forhandlingsrunde 1 trinn	Veke 23/ 24
Oppdragsgivar gir skriftleg melding om val av leverandør	Veke 26
Frist for eventuell klage på val av leverandør	Innan 10 dagar etter val av leverandør
Kontrakt inngåas	Snarast etter utløp av klagefrist

1.7 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Dersom tilbyder har spørsmål som han ser nødvendig å få svar på for å kunne utarbeide tilbudet, skal disse framsettas før forhandlingsmøte skriftleg til oppdragsgivar.

Alle spørsmål skal være skriftlig og sendes pr e-post til:

Kontaktperson:	Kjell Hauge
Postadresse:	Sande kommune Rønnebergplassen 17 Teknisk Eining 6084 Larsnes
E-post:	kjell.hauge@sande-mr.kommune.no

1.8 Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget

Innan tilbudsfristens utløp har oppdragsgivaren rett til å foreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter.

Rettingar, suppleringar eller endringar skal utan opphald sendes alle som har mottatt konkurransegrunnlaget. Opplysningane som oppdragsgivaren gir på spørsmål frå éin leverandør, skal utan opphald også gis til alle som har mottatt konkurransegrunnlaget.

Dersom rettingane, suppleringane eller endringane som nemnt i første ledd kjem så seint at det er vanskeleg for leverandøren å ta omsyn til det i tilbudet, skal det fastsettas ein forhaldsmessig forlenging av tilbudsfristen. Samtlege leverandørar skal varslas om forlenginga.

1.9 Krav til leverandøren – kvalifikasjonskrav

1.9.1 Obligatoriske og ufråvikelege krav

Dokumentasjon:	<ul style="list-style-type: none"> • Skatteattest for skatt og meirverdiavgift leggst fram v/forhandlingsmøte • HMS-eigenerklæring
-----------------------	--

1.9.2 Skatteattestar

Norske leverandørar skal legge fram attestar for meirverdiavgift og skatt (skjema RF-1244). Attestane for både skatt og meirverdiavgift kan bestillas frå leverandørens lokale kemnar/kommunekasserar og Fylkesskattekontor. Attestane skal leggst fram ved forhandlingsmøte, og dei skal ikkje være eldre enn 6 månader regnet frå tilbudsfristens utløp.

1.9.3 HMS-eigenerklæring

Leverandører som skal utføre arbeid i Norge, skal legge fram ei eigenerklæring om at leverandøren fyller, eller ved eventuelt tildeling av kontrakt vil fylle, lovbestemte krav i Noreg når det gjeld helse, miljø og sikkerheit. Eigenerklæringa skal ligge føre innan tilbudsfristens utløp.

Skjema for HMS-eigenerklæring ligg som vedlegg 4 i del II

2 Krav til tilbudet

2.1 Tilbudets utforming og levering

1. Tilbudet skal være skriftleg og innehalde et tilbodsbrief som skal være datert, signert og stempla med firmaets namn
2. Tilbudet skal være merka: "Tilbud – Vinterdrift 2020-23"
3. Tilbudet skal sendast i lukka sending eller til oppgitt epost adresse.
4. Tilbudet skal leverast på norsk.

Krav til tilbudets innhald og disposisjon gis av punkt 3.10.

2.2 Tilbudsfrist

Siste frist for innlevering av tilbud er 25.05.20 kl. 1200. Tilbudet skal være mottatt av oppdragsgivar på innleveringsstaden, jf. punkt 2.4, før utløpet av tilbudsfristen.

For seint innkomne tilbud vil bli avvist.

2.3 Varigheit

Leverandøren er bunde av tilbudet i 90 dager rekna frå utløpet av tilbudsfristen.

2.4 Innleveringsstad

Tilbudet bes sendt/innlevert til:

Post- og gateadresse:
Sande kommune Rønnebergplassen 17 Teknisk eining Rådhuset 6084 Larsnes
Eller epost: kjell.hauge@sande-mr.kommune.no

2.5 Prisar og fakturering

Timeprisar, differensiert etter storleik og type utstyr, samt beredskapspris går fram av vedlagte prisliste.

Faktura for timar sendast etterskotsvis pr. månad, fortrinnsvis i første uke i påfølgande månad.

Halve brøyteberedskapen for sesongen skal takast med på desemberfakturaen (dette for å få utgiftsføringa på rette året).

2.6 Avvik og atterhald

Alle avvik frå konkurransegrunnlaget skal være presise, eintydige og klart gå fram av tilbodet, slik at oppdragsgivar kan vurdere disse utan kontakt med leverandøren, jf. FOA § 20-3. Leverandøren kan ikkje ta vesentlege atterhald mot avtalevilkåra, jf. FOA § 20-13 (1) bokstav d.

2.7 Alternative tilbod

I tillegg til pris for beredskap og timepris kan det gjevast pris som fastpriskontrakt. Begge alternativ skal da leverast. Det vert opp til kommuna å vurdere/ velje det mest fordelaktige tilbod av desse alternativ.

2.8 Tilbod på delar av oppdraget

Det er tilgang til å gi tilbod på ei eller fleire roder. Ved tilbod på fleire roder, vil roder med færrest tilbydarar bli prioritert først.

2.9 Endre og tilbakekalle tilbod

Eit tilbod kan tilbakekallas eller endras inntil tilbodsfristens utløp. Tilbakekalling skal skje skriftleg. Endring av tilbodet er å betrakte som et nytt tilbod og skal utformast i samsvar med punkt 2.1.

2.10 Komplette tilbod – tilbodets innhald og disposisjon

Komplette tilbod skal ha følgjande disposisjon og bestå av følgjande nummererte punkter:

1. Tilbudsbrief. Eventuelle atterhald som ikkje går fram av punkt 5 nedafor skal tydeleg gå fram av tilbudsbriefet (eige skriv frå tilbydar)
2. Vedlegg 2 Løysingsbeskrivelse i del II
3. Vedlegg 3 Pris skjema i del II
4. Vedlegg 4 HMS-Erklæring i del II

Skatteattest framleggast under forhandlingane.

3 Oppdragsgivars behandling av tilboda

3.1 Registrering av tilbod

Tilboda skal påførast tidspunkt for mottaking etter kvart som dei kjem inn. På oppmoding skal oppdragsgivar skriftleg bekrefte når et tilbod er motteke.

3.2 Tilbudsopning

Tilbudsopning finner stad 25.05.20 kl. 12.05. Opning vil foretas av minst to representantar for oppdragsgivar.

Det blir ikkje gjennomført offentlig tilbudsopning.

3.3 Avvising av leverandører

Oppdragsgivar skal etter FOA § 20-12 (1) avvise leverandørar som blant anna:

- a) ikkje oppfyller krav som er satt for leverandørens deltaking i konkurransen, jf. punkt 1.8
- b) har unnlate å innlevere skatteattester (seinast ved forhandlingane)
- c) har unnlate å innlevere HMS-eigenerklæring

Oppdragsgivar kan avvise leverandørar dersom vilkåra i FOA § 20-12 (2) er til stade.

3.4 Avvising av tilbød

Oppdragsgivar skal etter FOA § 20-13 (1) avvise tilbødet når det blant anna:

- a) ikkje er levert innafor fastsette fristar
- b) ikkje er levert i samsvar med punkt 2.1 punkt 1-5, sjå over.
- c) inneheld avvik frå konkurransegrunnlaget som er i strid med FOA § 20-3
- d) inneheld vesentlege atterhald mot kontraktsvilkåra

Oppdragsgivar kan avvise tilbødet dersom vilkåra i FOA § 20 -13 (2) er tilstade.

3.5 Forhandlingar

Det er anledning til å forhandle.

4 Avgjerd av konkurransen

4.1 Tildelingskriterier

Tildeling skjer på grunnlag av kva tilbød som er det mest fordelaktige for oppdragsgivar.

Oppdragsgivar bestemmer kva tilbød som er det mest fordelaktige og kan ikkje overprøvast.

Ein nyttar poeng giving der 1 er dårlegast og 10 er best. Kriterier for tildeling er :

1. Kjøretøy, utstyr 60 %,

Her vurderer vi type kjøretøy, alder, hestekrefter, akseltrykk, event.utstyr som brøyter held sjølv. I utgangspunktet vil det verte vurdert kva utstyr kommuna held utifrå tilgjengeleg opplyst utstyr som brøyter har sjølv.

2. Mannskap, vekt 40 %,

Her vurderer vi ansiennitet/erfaring med vintervedlikehald og reserveløysing ved sjukdom etc. Responstid kan vere eit punkt som vil verte vektlagt her.

4.2 Innstilling på kontraktstildeling

Oppdragsgivers slutning om kven som skal tildeles kontrakt, skal varsles skriftlig til alle deltakarane samtidig i rimelig tid før kontrakt inngåas. Med "kontrakt er inngått" menes tidspunktet da begge parter signerar kontrakten. Utifrå tildeling

Meldinga skal innehalde ei grunn for valet og gi ein frist for leverandøren til eventuelt å klage over slutninga.

4.3 Avlysing av konkurransen og total forkasting

Oppdragsgivar har seg rett til å avlyse konkurransen dersom det er saklig grunn, jf. FOA § 22-1 (1)

Saklig grunn vil her typisk kunne være manglande konkurranse, uventa endringar i løyver etc.

Oppdragsgivar kan forkaste alle tilbod dersom resultatet av konkurransen gir saklig grunn for det, jf. FOA § 22-1 (2)

4.4 Opplysningsplikt

I tillegg til meldinga som skal gis ved kontraktstildeling, jf. punkt 4.2, skal oppdragsgivar gi skriftlig melding med en kort grunngjeving dersom:

- tilbodet avvisast eller
- oppdragsgivar vil forkaste alle tilbod eller avlyse konkurransen, jf. punkt 5.3.